

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
035/16	Formannskapet	PS	17.03.2016
045/16	Formannskapet	PS	05.04.2016
040/16	Kommunestyret	PS	14.04.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Birger Andersen	FE - 223	16/228

AS Austrheim Næringssselskap - Søknad om tilskot for 2015

Vedlegg

AS Austrheim Næringssselskap - Resultatrekneskap 2015

Framlegg til vedtak:

AS Austrheim Næringssselskap vert tildelt tilskot for 2015 med kr. 116.000,-.
Kostnaden kr. 116.000 med dekkja frå post 14903 802 1000 – Kommunestyre si tilleggsløyving.

Formannskapet - 035/16 - 17.03.2016

FS - behandling:

Framlegg frå ordføraren:
Saka vert utsatt.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Saka vart utsatt.

Formannskapet - 045/16 - 05.04.2016

FS - behandling:

Per Lerøy og Jan Olav Osen gjekk frå som inhabil under handsaming av saka.

Merethe Rikstad Tresvik og Olav Andersen tilrådde møtelyden under handsaming av saka.

Framlegg frå Jorund Stellberg(H)

Søknad frå AS Austrheim Næringssselskap om tilskot for 2015 vert avslegen.

Rådmannen sitt framlegg fekk 3 røyster og Jorund Stellberg sitt framlegg fekk 2 røyster.(H og V)

FS - vedtak:

AS Austrheim Næringssselskap vert tildelt tilskot for 2015 med kr. 116.000,-.

Kostnaden kr. 116.000 med dekk frå post 14903 802 1000 – Kommunestyre si tilleggsløyving.

Kommunestyret - 040/16 - 14.04.2016**KS - behandling:**

Per Lerøy og Jan Olav Osen gjekk frå som inhabil under handsaming av saka.

Ivar Bergsvik og Olav Andersen tilrådde møtelyden under handsaming av saka.

Framlegg frå H v/ Jorund Stellberg:

Søknad frå AS Austrheim Næringssselskap om tilskot for 2015 vert avslege.

Framlegget frå formannskapet fekk 11 røyster og framlegget frå H v/ Jorund Stellberg fekk 6 røyster.(H og V)

KS - vedtak:

AS Austrheim Næringssselskap vert tildelt tilskot for 2015 med kr. 116.000,-.

Kostnaden kr. 116.000 med dekk frå post 14903 802 1000 – Kommunestyre si tilleggsløyving.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

AS Austrheim Næringsselskap har søkt om kr. 116.000,- i tilskot for 2015.

Austrheim kommunestyre har i møte den 30.04.14 i K-sak 048/14 gjort fylgjande vedtak:
Austrheim kommunestyre løyver kr. 50.000,- til dekning av renter og avdrag for lån stort kr. 3.600.000,-. Kostnaden vert dekkja frå ansvar 802 – Kommune si tilleggsøyving. Storleiken på kommunen si dekning av lånekostnadene vert kvart år handsama i budsjettet etter eigen søknad frå AS Austrheim Næringsselskap.

Vurdering

AS Austrheim Næringsselskap har ikkje søkt om tilskot i budsjettprosessen, men har lagt inn søknadssummen som er kr. 116.000,- i rekneskapet som uteståande fordring i 2015, sjå vedlagt resultatrekneskap for 2015.

Næringsselskapet beklager at tilskotssummen ikkje er teke med under tidlegare budsjettprosess, men ber no å få utbetalt kr. 116.000,- i samsvar med søknadssum.

Konklusjon

Det vert råda til å gjere fylgjande vedtak:

AS Austrheim Næringsselskap vert tildelt tilskot for 2015 med kr. 116.000,-.

Kostnaden kr. 116.000 med dekkja frå post 14903 802 1000 – Kommunestyre si tilleggsøyving